

## **Fråsegn frå årsmøte i Sogn og Fjordane Venstre, Hornindal 12. februar**

**Til  
Justis- og politidepartementet, Helse Vest og Lotteritilsynet,**

### **Dei speleavhengige må få betre behandlingstilbod**

Stadig fleire vert ramma av speleavhengigkeit. Inntoget av ulike nettspel, og særleg nettpoker har gjort at mange vert ramma i stadig større grad. I løpet av få minutt er det mogeleg å spele vekk fleire tusen. Speleavhengigkeit er først og fremst eit økonomisk problem, men kan og føre med seg ulike psykiske lidingar både for den det gjeld og ikkje minst familien. Førebyggjande tiltak som no vert sette i gang er vel og bra, men speleavhengigkeit må behandlast.

Sogn og Fjordane Venstre krev difor at tilfredsstillande behandlingstilbod blir oppretta.